



Då dei to moskusendene kom til Myro såg dei vaksne fram til ein effektiv kamp mot brunsniglane og ungene sette pris på å få nye leikekameratar. Og korkje dei vaksne eller ungene er blitt skuffa! Her er Camilla og Emma Myklebust Ripel og Jonas og Kristian Klette Hansen saman med endene i byrjinga av mai. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Brunsniglane myldrar over oss også i Uskedalen og mange meir eller mindre gode råd kjem om effektiv kamp mot dei sleipe skapningane. For vår del kan vi no formidla eit godt råd frå Myro: - Kjøp nokre moskusender, dei er effektive!

Rådet kjem frå familiane Ripel (Myro 32) og Hansen (Myro 30). Dei angrar ikkje på at dei i vår kjøpte to moskusender frå Neshavn på Tysnes og dermed satsa 300 kroner på sniglekampen.

Innkjøpet skjedde alt i månadsskiftet april/mai og hovudinstrykket utover forsommaren var at det var få sniglar i dei to hagana samanlikna med andre stader. Men den verkeleg store skilnaden merka dei då familiane drog på ferie for to veker sidan og måtte bringa endene til feriekoloni på Ænes. Då vart hagane i Myro 32 og 30 invadert av sniglar! Om ei veke er endene tilbake frå sin ferie og det ser familiane verkeleg fram til!

Blant mange gode råd som har versert i det siste er bruk av salt, men det blir ikkje anbefalt i Myro. Der har dei også freista det, med det resultat at plenen er delvis øydelagt. Men det er eit godt råd å halda plenen mest mulig nede, for høgt gras er noko sniglane stortrivs i.

Er det så ikkje noko ulempe å halda moskusender?

Dei bråkar ikkje, som andre ender, dei har berre ein form for knurring. Den einaste ulempe er at dei legg etter seg ein god del avføring både her og der. Men viktigast er det at dei held sniglane mest mogeleg i sjakk.

Det er særleg regnet i det siste som gjort brunsniglane offensive sjølv om det ikkje er tale om uvanleg store mengder, seier ekspertane. Det som særleg er nytt denne sommaren, er at sniglane veks seg store fortare på grunn av den varme våren.

Det seier Bjørn Arild Hatteland som no tek doktorgraden på brunsniglen ved Universitetet i Bergen. Han strekar under at det er viktig å settja inn støytet mot sniglane no, før reproduksjonen byrjar i august. Då legg kvar av sniglane 400 egg og er egga først lagt, er det vanskeleg å gjera noko effektivt.. Hatteland seier ellers at det ikkje er noko vidundermiddel mot brunsniglen.

Av Ola Matti Mathisen



Brunsniglane er delikatesser for moskusendene